imf Rogaland
Indremisjonsforbundet

Blad for Indremisjonsforbundet i Rogaland
Nr 3 - 2025. Årgang 65

# SISTE INDRE

## Vi er gode nyheter



Av Johan Halsne

# Mer land å innta!



Først av alt kjenner jeg behov for å takke for alle gode meldinger i muntlig og skriftlig form etter at det ble kjent at jeg skal begynne som kretsleder i ImF Rogaland. I møte med nye utfordringer kjenner jeg både på spenning og glede. Jeg har et oppriktig ønske og det er min bønn, at jeg sammen med dere misjonsfolk, med det flotte teamet som er ansatt i ImF Rogaland og på Ognatun skal få være med, å gjøre Jesus kjent gjennom liv og tjeneste. En ekstra stor takk til Reidar Røyland som har gjort en stor og viktig jobb som leder i den tiden han var leder.

Året 2025 er der 200 år siden den organiserte utvandringen fra Norge til USA starta. I løpet av en periode på hundre år utvandret rundt 800 000 nordmenn til "the land of hope". Drivkraften for mange var at her var der land å innta. Et visst areal ble tildelt gratis der en fikk mulighet til å utvikle noe som kunne gi livsgrunnlag for familien.

Tema for årets Generalforsamling i ImF er: "Mer land å innta". Jeg ønsker at det skal være tema i våre liv, ikke bare denne høsten, men hver dag vi lever samme hvor gamle vi måtte bli.

Når Guds folk i det gamle testamentet forlot slaveri, død og dom i Egypt var det med den hensikt at de skulle få innta et land som Gud gav dem løfte om, nemlig Kanaan. Dette var landet som fløt med melk og honning. Etter mye om og men, som førte til 40 år i ørkenen, krysset de over elven Jordan og inntok dette landet meter for meter.

Gud har gitt sine barn i vår tid løfte om å innta de velsignelser og løfter som medfører det å være Guds barn. Paulus minner oss spesielt om dette gjennom sitt brev til menigheten i Efesus. Efeserne kapittel 1 og vers 3 sier det slik: "Lovet være Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som har velsignet oss med all åndelig velsignelse i himmelen i Kristus."

**Her er mer land å innta hver eneste dag!**
Så er der et land å innta ved å gjøre Jesus kjent gjennom våre liv og ord. I vår iver etter å bygge gode og sunne felleskap må aldri dette få kvele fokuset på de mange i landskapet til ImF Rogaland som fortsatt ikke kjenner Jesus som sin frelser. Vi må be om nød, visdom, utrustning og frimodighet til å krysse grenser over til ufrelst nabo, arbeidskollega og familie der Jesus er ukjent.

**Mer land å innta!**
I Josva bok leser vi om når Guds folk gjorde seg i stand til å innta landet.
I den forbindelse gir Gud følgende løfte: Josva kapittel 1 og vers 9 "Har jeg ikke befalt deg: Vær frimodig og sterk! Frykt ikke, og vær ikke redd! For Herren din Gud er med deg i alt det du tar det fore."
På dette løftet vil og vi innta nytt land denne høsten!

Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Gina Ueland 478 70 409

**Kretsleiar**
Johan Halsne
Tlf 906 42 479

**Kretsstyreleder**
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
vipps # 21841

**SISTE INDRE**
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjons-forbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**
Mjølhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Henriette Holta
Tlf. 51 79 38 88

Framsidebilete: Leiarskifte i ImF-Rogaland

*Av Jarl Steinar Lædre*

# Be så skal dere få

«Be, så skal dere få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere» Matteus 7,7 Denne sommeren har dette bibelverset vært tema i andakter rundt middagsbordet i familien. Det er Jesus som sier disse ordene i Bergprekenen, men like mye sier han det til meg og deg i dag.

Jeg må erkjenne at jeg har tenkt tanken at noe blir for enkelt og smått å komme til han med. Jesus har ikke et forbehold, at det er under spesielle omstendigheter vi skal be. Jesus sier ganske enkelt BE. Å be, lete og banke på blir hos Jesus alltid etterfulgt av å få, finne eller at det skal lukkes opp.

Gud er med oss i alt- han ønsker at vi skal leve og vandre med han. Han ønsker at vi skal fortelle han alt. I en sang står det slik: «Fortell ham alt! Du eier jo en Fader, som gjerne hjelpe vil i smått og stort, Han som for Jesu skyld din synd forlater, vil ingen hjelpeløse vise bort» (SB nr. 577)

Jesus sa også dette i Bergprekenen: «Søk først Guds rike og hans rettferdighet så skal der få alt det andre i tillegg» Matteus 6,33 Jesus ønsker å ha førsteplassen i mitt og ditt liv, han vil ha hele meg, mine interesser, mine evner, gaver, penger, hus, jobb og familie.

Det er mange skrevne sanger om Jesus som konge. En av de nyeste er blitt sunget mange ganger i sommer- «Kong Jesus, opphøyd og stor, alltid trofast, og står ved sitt ord …» Bønnesvaret er ikke alltid slik jeg hadde tenkt, og det kommer gjerne mye seinere enn jeg hadde håpet på, men svaret kommer i rett tid. Jesus står ved sitt ord- be så skal du få!
Jesus er kongen min- si er han din?



*Jarl Steinar Lædre*

# Ny kretsleder på plass

Den 1. september var Johan Halsne på plass som ny kretsleder i ImF-Rogaland. Han er tilsett i 80% stilling, men vil fram til neste sommar vera leigt ut i 20% stilling til ImF-Sunnmøre.

Vi ynskjer Johan velkomen som medarbeidar i kretsen og ynskjer Guds signing over nye oppgåver.

Vi takkar Reidar Røyland som siste året har vore kretsleder i 50 % stilling. Han har på ein fin måte ført stafettpinnen vidare i ledarstolen til kretsen frå Torgeir Lauvås til Johan Halsne. Vi ynskjer Reidar Guds signing over vidare liv og teneste!




*Johan Halsne overtar som kretsleder etter Reidar Røyland.*

# Dei unge gjev grunn til optimisme

-Vi må kopla oss på det Gud gjer i vår tid. Gud gjer noko mellom dei unge som nå veks fram i vårt land. Her må ikkje vi godt vaksne bli ståande som passive tilskodarar!

▶ Tekst og foto: Terje Slettebø

Dette seier redaktør i Sambåndet Petter Olsen i ein prat med Siste Indre. Karmøybuen som er busett på Bryne har nå vore medi-aleiar/redaktør i Sambåndet i snart 13 år. Det meste av tida har han pendla til Straume annakvar veke måndag til onsdag, noko han opplever fungerer fint for han. Vi merkar på engasjementet at Petter brenn både for jobben og indremisjonsarbeidet. At dette er noko han opplever gjevande og har lyst til å vera med på vidare.

**Trygt og fast**
Gjennom arbeidet får han god oversikt over kva som rører seg i «kristen Norge» og nå merkar han at det skjer noko mellom dei unge; -Dei unge er på jakt etter noko trygt og fast i ei tid med lite grenser og der alt skal vera like bra. Her har vi som kristne ein bod-skap å koma med ved å peika på Jesus som er vegen, sanninga og livet. Og evangeliet der ein skal få flytta merksemda/blikket frå seg sjølv og over til ein annan, Jesus som ynskjer å overføre si redning og grunnvoll til oss, understrekar Petter, og kjem med ei klar utfording til den godt vaksne generasjonen.

**Synlege og disponible**
Han peiker på at den unge generasjonen, der det nå er ei åndeleg oppvakning, er ein generasjon som ynskjer kontakt, vegleiing og å lytte til erfaringar frå vaksne. -Her må vi vaksne og gjerne eldre vera med og vera synlege og disponible for dei unge i forsam-lingsarbeidet. Set vi oss ned i godstolen og ser ein tale i staden for å delta i forsamlinga mister dei unge ein viktig ressurs.



*Det er ei åndeleg oppvåkning i den unge generasjonen, seier Petter Olsen.*

**Yrkesstoltheit**
Redaktøren har lang erfaring som journalist som han nå kan få bruke i Sambåndet. To år var han tilsett i Fedrelandsvennen i Flekkefjord før det vart 16 år i Stavanger Aftenblad. Han er glad ImF ynskjer fagleg kompetanse og erfaring. -Det er eit mål for meg å jobba innanfor bransjenorma og eg har yrkesstoltheit sjølv om eg arbeidar i misjonen. Difor ynskjer eg å utøve yrke profesjonelt og forstår ikkje tankegangen om at ein skal utøve eit yrke dårleg fordi ein jobbar i misjonen.

**«Skikkeleg skøy»**
Nå har Sambåndet tre plattformer: nettsida, e-blad og papirutgåva, samt facebook som er heilt avgjerande for å koma raskt ut med nyheiter.

-Eg meiner vi i Sambåndet er oppegåande på det vi held på med. Dersom ein ikkje følger med på Sambåndet sine produkt er ein ikkje oppdatert på det som skjer i ImF-familien og alt det arbeidet ImF er kopla opp mot. Med vår litle redaksjons på 2,5 årsverk er vi nyheitsledande på ein del av dette og det er skikkeleg skøy. Vårt mål er å kome ut før Dagen og Vårt land med nyheiter. Vi må vera på hogget, folk skal ha full beskjed gjennom oss om det som skjer i ImF-familien, påpeiker journalisten og fagmannen.

**Digitalt**
Sambåndet har vore i stor endring over tid. Det har gått frå berre papirutgåve som kom ut ofte til at papirutgåva nå er blitt eit blad som kjem ut 9 gonger i året. Papiropplaget er nå nede på 3000, og den største nedslagsfeltet er  digitalt. Petter Olsen ser fleire grunnar til denne utviklinga; -Vi har naturleg avgang ved dødsfall og abonnentar som flyttar på sjukeheim og ikkje lenger kan gjera seg nytte av bladet. Det andre er strukturen i organisasjonen, folk føreheld seg ofte til si forsamling og forholdet  til ImF er blitt svakare. Og i ei tid med utfordrande privatøkonomi er abonnementet på Sambåndet noko ein tenkjer at ein kan klare seg utan.

**Samfunn og kultur**
Bladet har nå temaseksjonar som har stoff om ulike aktuelle tema for misjonsfolket; -Misjonsfolket lever i verda men er ikkje av verda. Det som skjer rundt oss av utvikling i samfunn og kultur er aktuelt for Sambåndet å skrive om. Kva seier Bibelen om t.d. kjønn, biologi o.s.v. For Sambåndet har det vore viktig å belysa, ut frå Bibelen, Israel som Guds land og jødane som Guds folk, fortel redaktøren.

**Dei gode nyheitene**
Du er også gjennom arbeidet ditt ute ein del som forkynnar, korleis opplever du det? Det opplever eg utelukkande positivt og godt for eigen del. Det handlar om å formidla dei gode nyheitene, Guds ord til folket.  Her får eg, som ein del av jobben, bruka tid med Ordet i førebuingar og det er eit privilegium. Det er godt at det er bruk for meg også på denne måten, seier Petter Olsen. Han



*Petter Olsen gjør mykje av redaktørjobben fra heimekontoret på Bryne.*

opplever at det i dei største forsamlingane nå er meir spørsmål etter temabasert forkynning og meir fokus på kva ein ynskjer skal bli forkynt. Trenden er spørsmål etter Bibeltimar og grundig forkynning, ikkje enklare og overflatisk.

**Bibelnær**
Sjølv prøver Petter nå å avgrensa eiga forkynning til 30 min. og han bruker power point presentasjon for å gjera det meir pedagogisk; -Det som pregar mi forkynning er at den er Bibelnær, og då er det godt å visa Bibelversa eg tek fram på veggen slik at alle kan lesa dei.

**Gode saker**
Han seier vidare at når ImF ikkje lenger har tilsette forkynnarar er det behov for at dei i andre stillingar er ute og tar talaroppdrag. På talaroppdrag kjem han i kontakt med fleire menneske og redaktøren er stadig på utkikk etter gode saker til Sambåndet.




**OGNATUN**
**Ved til sals:**
Sekker med granved,
60 L, kr 70, pr stk
Pallar med granved,
kr 1250 pr stk
Kontakt Magne Skårland
tlf. 915 73 157





# VELKOMMEN til Lederdag!

Vi ønsker å invitere leirledere, barnelagsledere, ungdomsledere og du som kanskje ønsker å bli leder til en lederdag lørdag 27. september kl. 12.30-14.30 her på Ognatun.

Vi ønsker å UTRUSTE, OPPMUNTRE og HEIE på deg som leder! Vi kommer til å fokusere særlig på unge ledere, men oppfordrer alle aldrer til å komme. Vi ser at det har en veldig stor verdi når eldre og yngre ledere kommer sammen.

Lederdagen starter kl. 12.30 med påfyll/ undervisning/ inspirasjon og praktisk utprøving. Årets hovedfokus vil være RELASJON. Etterpå blir det aktivitet, sosialt og grilling i Grillhytta.



*Ledergjengen på sommarleir 2.*




# Nytt barnelag i Egersund

Denne hausten er det komt eit nytt tilbod for barna i Egersund bedehus. Spor aktivitetsklubb har allereie hatt to samlingar med 12-17 barn som møtte fram.

▶ Av Terje Slettebø

-Vi har lyst gjennom denne klubben å peika på Jesus for barn frå 3. klasse og oppover som ikkje fin seg til rette i song og musikk eller i sport, seier kontaktperson Jarl Steinar Lædre.

I Spor aktivitetsklubb satsar dei på handarbeid som hekling og strikking og småsnekring. Nå held dei på med ein sprellemann og main kraft figurer er populære har dei erfart. På samlinga her dei andakt og brukar Awana-opplegget, samlinga blir avslutta med pizza som kveldsmat.

# Julemarked på Ognatun

**02. des.Kl. 17.00 -19.00**

**Sal av mat, varer, lotteri, hovudtrekning m.m.**

**Kl. 19.00 -20.00**



## Konsert med Emilia Lindberg

**Julemarknaden er ei svært viktig inntektskjelde for ImF-Rogaland, og slik er det også i år.**

**Vil du eller di forsamling bidra, kan de vera med og hjelpe slik:**

- Bake julekaker eller anna bakst.
-Lage juledekorasjonar eller anna julepynt for sal.
-Selje lodd til hovudtrekninga.
-Skaffe oss attraktive gevinstar til hovudtrekning eller lynlotteri.
-Hjelpe praktisk på julemarknadsdagen 02. des.

Kontakt kretskontoret på tlf. 51 79 38 80 / rogaland@imf.no om du vil ha meir info eller ynskjer å bidra!




## Bønnekort høsten 2025




ANSATTE IMF ROGALAND




JOHAN HALSNE
TERJE SLETTEBØ
HENRIETTE HOLTA
GINA UELAND
ANNE BIRGITTE AUESTAD
ANNE BERIT AARSLAND




**BØNNEEMNER:**

Leirarbeidet
Konfirmantarbeid
Ledertrening
Mentortilbud
Sjelesorgtilbud
Retreatarbeid
Barne- og ungdomslagsbesøk
Forkynnelse til voksne
Julefeiring
Drift av Ognatun
Siste Indre
"Weekend" for voksne
Kretsledelse og administrasjon

imf Rogaland
Indremisjonsforbundet

# Stor aktivitet på Ognatun gjennom sommaren

-Det er veldig kjekt å sjå den store aktiviteten på plassen og alle som brukar Ognatun. Dette er viktig og noko vi er svært glade for seier vikarierande avdelingsleiar Henriette Holta, og legg til; - Det er også godt med bestillingar for hausten, men det er ikkje for seint å ta kontakt med spørsmål om utleige og catering!

▶ Av Terje Slettebø

Sommarsesongen starta i juni med stort bryllaup med om lag 120 jester. Henriette fortel til Siste Indre at brudeparet hadde fått engasjert venner og familie slik at Ognatun var verkeleg pynta til fest denne laurdagen. -Verkeleg moro å få vera med å leggja til rette både for dette og andre arrangement gjennom sommaren, seier den vikarierande avdelingsleiararen.

Vidare gjennom sommaren har det vore 85 års-dag og diamantbryllaup. Nesten 3 veker i juli var i overkant av 50 bebuarar på Link mottak i Kvinesdal gjester på Ognatun. Ei gruppe med pilgrimsvandrar brukte Ognatun som base nokre dagar tidleg i august. To tyske grupper, ei med familiar og ei gruppe med ungdommar, har hatt sitt opphald på Ognatun, så plassen er blitt brukt aktivt og godt gjennom sommaren.



*Ognatun pynta til bryllup.*

Henriette seier at ho nå verkeleg har fått sett kor flott plass Ognatun er for mange ulike typar arrangement.

Mange som har vore innom på Ognatun i det siste har merka seg at stolane i møtesalen var slitt og modne for utskifting. I sommar var Ognatun så heldige og fekk tildelt 150 000 kr frå Sparebankstiftelsen, Jæren Sparebank til nye stolar; -Vi er verkeleg takknemlege og ynskjer å uttrykka ein stor takk til Sparebank-stiftelsen. Dette gav salen eit løft og det er nå mykje kjekkare å vise gjester inn i møtesalen, avsluttar Henriette som håper å sjå mange av Siste Indre sine lesarar på eit eller anna arrangement/selskap på Ognatun.



*Nye stoler på plass i møtesalen.*




## Økonomi

# Litt etter budsjettet

Rekneskapen ut august for ImF-Rogaland viser eit underskot på 704 150 kr. Dette er om lag 50 000 etter budsjettet for denne tida på året som viser eit underskot på 750 000 pr 31. aug.

For heile 2025 har ImF-Rogaland budsjettert med eit underskot på 150 000 kr.

Tala viser at kretsen treng ein så god økonomisk haust som mogleg for at underskotet skal bli så lite som mogleg og helst nærme seg balanse.
Samanliknar vi med fjoråret er inntektene så langt i år 2 594 000 mot 2 740 000 på same tid i år. Utgiftene er på 3 312 000 mot kr 3 374 000 på same tid i 2024.

På inntektssida kan vi gleda oss over ein fin auke i fast gjevarteneste på 24 % medan det uroar oss at innbetalingar frå lag og foreiningar har gått ned med 11%

Vi håper på ein god økonomisk haust som kan vera med å styrka økonomien slik at vi kan sjå framover mot 2026 og ha berekraftig økonomi for dei stillingar vi har. Eit grunnlag for arbeidet slik at vi kan nå ut med evangeliet der Gud opnar dører for oss.
Hjarteleg takk for all støtte i offer og forbøn!
For kretsstyret, Terje Slettebø, administrasjonsleiar.

# Ognatun leirsted
# Når maten betyr like mye som stedet





**Ognatun leirsted har i mange år vært et samlingspunkt for fellesskap, tro og gode opplevelser midt i det vakre jærske landskapet. Men Ognatun er langt mer enn bare et sted for leirer og overnatting, det er også et lokalt catering-alternativ du virkelig kan stole på.**

Enten du planlegger et familieselskap, en konfirmasjon, dåp, bursdag eller kanskje trenger mat til et møte eller en minnestund, tilbyr kjøkkenet på Ognatun et fristende utvalg av cateringretter. Her finner du alt fra klassiske smørbrød og koldtbord, til mer moderne varianter som tapas og varmmat. Alt er laget med kjærlighet, omtanke og et øye for detaljer.

Det som virkelig gjør Ognatun spesielt, er menneskene som jobber her. Kjøkkenpersonalet består av et engasjert og sammensveiset team som hver dag legger sjela si i arbeidet. De er ikke bare flinke, de er oppriktig opptatt av å levere god mat og god service. Uansett hva du trenger, møter de deg med et smil og en innstilling som sier: ”Dette får vi til!”



Her er det aldri noe problem å tilpasse menyen. Trenger du glutenfritt, vegetarisk, eller har spesielle ønsker? Teamet på Ognatun er alltid på tilbudssiden, og gjør sitt beste for at alle skal føle seg ivaretatt, både i smak og opplevelse.

Cateringen hentes etter avtale, og alt blir pakket og presentert på en måte som gjør det lett å servere videre, enten du skal dekke til festbordet hjemme eller i et forsamlingslokale.








Så neste gang du trenger mat til en anledning, liten eller stor, husk at Ognatun leirsted er et sted hvor matglede, kvalitet og omtanke går hånd i hånd.

Mvh. Henriette Holta
Avdelingsleder Ognatun
Tlf. 51793888

# LEIRLEDAR PÅ OGNATUN



*Vi vil gjerne ha deg med som leirledar. (illustrasjonsfoto.)*




Ja, det er alltid rom for fleire vaksenledarar! Utan nok leirledarar hadde vi ganske enkelt ikkje kunna gjennomføra leirane våre. Så tusen takk til alle som har vore med å bidrege så langt!

Vi treng vaksne som kan peika på Jesus i ord og handling. Vaksne som er ein trygghet for barna. Som vaksenledar er det like viktig at du er med på å sjå og oppmuntre ungdoms-ledarane som å sjå deltakarane. Vi treng ledarar med ulike eigenskapar og vil gjerne ha deg med på laget! Saman er vi gode.

Der siste året har vi dessverre opplevd at det har vorte tyngre å få med oss vaksenledarar. Å skaffe desse er noko vi bruker veldig mykje tid på.
Ta gjerne ein runde med deg sjølv, tenk og be over om dette er ein stad du kan vera med å bidra.
Vi set stor pris på alle som er med å be om at Gud må kalla rett person på rett plass!

Oppdatert informasjon om når vi skal ha leirar finn du på https://imfrogaland.no/ulike-leirer/

Med vennleg helsing
Gina Ueland
-Leder ImF-Ung Rogaland-
Tlf 47 87 04 09

## BØNNE- OG TAKKEEMNE

***Be for:***

- Lederdagen på Ognatun
- Ny leirmedarbeidar
- Sambåndet
- Ungdomsleir
- Økonomien

***Takke for:***

- Alle ledere i barnearbeidet
- Alle tilsette i kretsen og Ognatun
- Bibelskulen Bildøy
- Ny kretsleder
- Arbeidet i forsamlingane

***Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.***
***Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no***

# STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

**Trenger du regnskapsfører?**
Besøksadresse:
Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
JÆRØK
www.jarok.no

**Brit Ege Salongen**
**Tlf: 51 48 03 72**

**GRUDE BYGG**
Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

**Fatland**
**Vi bryr oss om bonden**

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER
**Elektrofag Jæren**
Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no
En god kontakt på Jæren
EL-PROFFEN

**Astor Industri Eiendom AS**

PROFILECUTTING

**Kringsjå Invistering AS**

STEELWORK

VIGRESTAD BYGG
WWW.VIGRESTADBYGG.NO
Tlf: 958 19 505

**NorProfil AS**

**Pål Hatteland AS**
**Entreprenør**
Mob 99278710

**Grude Gartneri**
**Brekkeveien 18**
**4353 Klepp Stasjon**

bryne rør

**Le Service A S**
Leplanting
Hageanlegg
Kompostrstrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

BR
BRYNE REGNSKAP
**Tlf 975 25 110**
**Post@bryne-regnskap.no**
**www.bryne-regnskap.no**

ÅBRØR

din trafikkskole
**Tlf.: 464 22 022**

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning
ROTT

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99

**WALDELAND MASKIN**
- Grunnarbeid
- Transport
- Graving
- Grus/pukk
- Landbruk:
- Traktor
- Pressing av rundballer
- Vintervedlikehold
- Brøyting og strøing



Tlf: 90 79 61 44

**JG MASKIN**
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

**Du finner oss på internett imfrogaland.no**

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON
B

NORGE P.P.
posten

Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

